

**SÆBØ-SKULE.**  
**5938-SÆBØVÅGEN.**

TLF. 5634 9800 FAX. 5634 9801

Sæbøvågen, 24.03.14

---

## Melding til heimane 24.03.14

Me har fått melding om eit tilfelle av lus på skulen.

### **Difor må Alle!**

- lesa det vedlagte skrivet
- gjera som det står der.

Dersom alle gjer som det står i brosjyren frå helsestasjonen, er alle på Sæbø skule fri for lus i løpet av .

Spørsmvekaål ut over dette kan rettast til Radøy helsestasjon.

Lus er ikkje farleg, men ubehageleg.

**OBS! OBS! Gutar med kort hår kan og få lus!!**

***Einaste måten å lukkast på er at alle tek den ekle jobben samtidig!***

## Vi tek knekken på lusa denne veka!

Lukke til!

Med helsing

Rolf Sandstad  
rektor



## **Ta knekken på lusa!**

Hovudplagg, putevar o.l som har vore i kontakt med hovudet, skal behandlast slik:



- Vaskast i 60 grader C vatn, eller
- Oppbevarast i fryseboksen i 4 timar, eller
- I tørketrommelen i 10 minuttar
- Møblar og stader der det kan ligga egg, bør støvsugast grundig.



## **Lusa er her igjen....**

### **Forebygging er viktig!**

- Undersøk hodebunnen til barna regelmessig heileåret med finkam
- Ikkje låne eller prøve kvarandre sin luer, hjelmer, sjal, hårstrikk, kammer eller børster
- Putt hodeplagg i jakkeermet eller i lomma når kledda blir hengt opp.



### **Meld frå til barnehagen/skulen**

Oppdagar du at barnet ditt har lus, må du straks melde frå til barnehage eller skule. Hvis ikkje, blir ein aldri kvitt luseplagen.

## **Råd og rettleiing til foreldre med born i barnehage og skule**

**Det er ingen skam å ha lus – det skuldast ikkje dårleg hygiene eller ureinsemd!**

## Til foreldreføresette


Vi har no fått melding om hodelus hjå barn i barnehagar og skular i Radøy kommune.

## Ta knekken på lusa!

Hodelus smittar ved direkte kontakt frå hovud til hovud. Hodeplagg, skjert, og hårbørster kan også vere mogelege smittekjelder. Lusa kan også gå frå plagg til plagg (til dømes dersom ytterplagg heng oppå kvarandre).

## Korleis oppdagar vi lus?

Hodelus kan vere vanskeleg å oppdage. Den er gråleg på farge og kan bli 2-3 mm lang. Den lever i hodebunnen, spesielt i nakken og bak øyrene. I dei fleste tilfeller er det berre nokre få lus tilstades og dei kan vere vanskeleg å finna.



Luseeggja er lettare å få auge på. Dei er ca 1 mm lange, gråkvite, ovale og sit klistra til hårstrået. Nylagte egg finn ein ved rota til håret, men dei veks utover etterkvart som håret veks. Utvikling frå egg til lus tek 8 dagar.

Kamming av vått hår har vist seg å vere den mest effektive måten å påvise hodelus. Gå systematisk gjennom hår og hodebunn til barnet ditt. Bruk ein fin kann, helst lusekann, godt lys, førstørrelsesglass og eit lyst håndkle over skuldrane. Lusa kan du sjå både på kammen og på håndkleet.

## Barnet mitt har lus... kva gjer eg no?

### Lusemidlar

- Bruk liniment (reseptfritt på apoteket). Følg bruksanvisningen nøye.
- Alle familiemedlemmer med levande lus skal behandlast samstundes.
- Gravide og spedbarn skal bruke ein type shampoo mot lus.
- Håret skal kammast ein time etter behandlingen, med håndkle under.
- Kamming: Bruk lusekann. Kammingen må utførast ein gong om dagen i minst 8 dagar. Vask håret før kamming, håret skal vere våt under kamming. Deretter må ein kamme ein gong i veka i minst tre veker.
- Alle i familien og evt. smittekontaktter må undersøkjast ein gong i veka i minst tre veker etter siste behandlingsdag.
- **Ingen skal ta lusekur for sikkerhets skuld!**

Barn som har fått påvist lus eller egg, må haldast heime inntil dagen etter at dei er behandla.

Personar som kan vere smitta, bør informerast.

### Elles:

Lusa treng blod for å leve, dei dør etter to døger i romtemperatur, dersom dei ikkje får tilgang på blod. Lus er ufarleg, men ubehageleg. Når ein er smitta av lus, kan det gå opp til tre månader før ein merkar kløe i hodebunnen. **Du kan derfor ha lus sjølv om du ikkje har kløe i hodebunnen!**